



Truls Zimmer fekk nye lungar. (Foto frå programmet)

Fjorårets beste TV-program skal kårast i "Gullruten" 10. mai. Det skjer i ein rekkje kategoriar og programmet "I kø for livet" der uskedelingen Truls Zimmer er med er blant dei nominerte.

Programmet er nominert i klassen for beste fakta- eller aktualitetsprogram, melder Kvinnheringen. Det gjekk på TV 2 i vinter og følgde Zimmer medan han stod i kø for å få nye lungar, Det gjekk bra til slutt, men det gjorde det ikkje med ei ung jente som og vart følgd i serien. Zimmer arbeider i dag aktivt i "Stiftelsen organdonasjon".

"I kø for livet" konkurrerer med programmet "Bak lukkede dører: Spillet om et OL" (NRK), "De hvite hjelperne"(TV2) og "Spekter: Ytringsfrihet/De fatale ordene" (NRK).